

■ Kulturprisvinnarar

Tokke kommune har i år vald å dele ut kommunens kulturpris til Anne og Gjermond Fles frå Åmdals Verk. Prisen blir gitt til ekteparet på grunnlag av det store engasjementet i det aller meste av aktivitetar i heimbygda. Spesielt blir arbeidet med den årlege Rallardagen trekt fram. Der har ekteparet både vore skodespelarar, skrive manus og lagt ned ein betydeleg dugnadsinnsats heilt frå 1983 til i dag. Også innan idrettslaget, skulen/foreldresamkome, arbeidarlaget, gruvemuseet og

i pensjonistlaget har dei to vist seg å vere store ressursar for bygda. Utdelinga av prisen vil skje på den årlege kulturdagen på Grimdalstunet 31.juli.

■ Innbrot i bil

Natt til fredag var det innbrot i ein bil som var parkert nord for Seljord. Bakruta på bilen var knust, og diverse fiskeutstyr, telt, bagar og soveposar vart stole frå bilen.

■ Søkjer vertsfamilie

I august kjem ein belgisk 18-åring til Telemark som utvekslingslev. Utvekslingsorganisasjonen AFS leitar etter ein familie i Telemark som har motivasjon til å inkludere ein ungdom som ein del av familien. Den belgiske attenåringen Jeff er svært interessert i hestar, og han håpar å få fortsetje med riding i Telemark. I tillegg er han ein musikk og filminteressert unggut, som ser fram til å tilbringe eitt år i Noreg. Viss ein er interessert kan ein ta kontakt med AFS Norge Internasjonal Utveksling

på 22 31 79 00, info@afs.no eller gå inn på heimesida www.afs.no/vertsfamilie.

■ Tilbygg til rutebilstasjonen

Planutvalet i Seljord har godkjent ein søknad frå Telemark bilruter om eit tilbygg til eksisterande administrasjonsbygg. Tilbygget skal gje plass til kontor.

Aktuelt

Betre helsetenester der folk bur

Snart blir det innført ei reform som skal gje betre helsetenester i heimbygda, meir førebygging og auka kompetanse blant tilsette.

VTB Geir Ufs

geir.ufs@vtb.no

I august er det eitt år sidan Sissel Jacobsen Bitustøyl starta på eit toårig prosjekt som samhandlingskoordinator i Vest-Telemark. Kommunane i regionen og Sjukehuset Telemark står bak stillinga. Jacobsen Bitustøyl har permisjon frå stillinga som assisterande rådmann i Vinje kommune.

I samband med innføring av samhandlingsreforma kjem det to nye lover som gjev ein del føringar for kommunane. Reforma gjer mellom anna til at kommunane skal ta seg meir av behandlinga av pasientane enn før. Ein reknar med at på landsbasis kan 120.000 årlege innleggingar på sjukehuset flyttast over på kommunane.

– Det å reise på sjukehus kan vera ei belastning i seg sjølv. Ein del eldre menneske og pasientar som har kroniske sjukdomar bør kunne få like god oppfølging på heimebane, men då må kommunane byggje opp kompetanse, fortel Jacobsen Bitustøyl om ein av utfordringane framover.

Kommunal medfinansiering

Innan 1. januar 2016 må alle kommunane ha bygd opp straks-hjelplassar (observasjonsplassar) for dei som har kjente diagnoser, og som ikkje treng liggje på sjukehus. Det er ikkje snakk om å ha eiga legevakt, men pasientar som kommunen har ansvaret for skal ha pleiepersonell heile døgnet og tilgang til lege.

Jacobsen Bitustøyl nemner som døme at sidan ein kommune som Nissedal eller Fyresdal har legevakta på sjukehuset i Arendal, kan ei løysing vere at kommunane samarbeider med Arendal kommune for å ha observasjonsplassar. Slike plassar blir ikkje på sjukehuset, men kanskje på eit omsorgssenter i byen.

– Det er snakk om små tal plassar på landsbasis. Lova er heilt ny, så ein vil sjå på ulike måtar å løyse dette på i Vest-Telemark, seier samhandlingskoordinatoren.

Frå 2012 blir det henta fem milliardar kroner frå sjukehusa til kommunane som skal byggje opp ulike tilbod sjølve. Til dømes får Fyresdal om lag 1,5 millionar kroner og Vinje får overført 3,9 millionar for neste år. Kommunen får eit medansvar for betaling til sjukehusa når dei legg inn pasientar på 4.000 kroner per døgn.

– Dette gjeld ikkje fødsjar, nyfødde, operasjonar og innleggingar som krev kostbare biologiske medikament. Dei skal



Reformarbeid: Som samhandlingskoordinator i Vest-Telemark har Sissel Jacobsen Bitustøyl ein del oppgåver å jobbe med.

framleis vere ansvaret til sjukehuset, seier Jacobsen Bitustøyl.

Om ikkje kommunen tek imot pasientar som er ferdigbehandla på sjukehuset, må han betale 4.000 kroner per ekstra liggjedøgn alt frå 1. januar 2012.

Heller til sjukeheim

Sjukehusa og kommunane må lage avtaler både administrativt og på tenestnivå. Kommunane og sjukehus skal samarbeide for å byggje opp lokale tenester. Pasientar skal sleppe å reise mange mil til sjukehus om dei kan få like godt eller betre tilbod i nærmiljøet.

Jacobsen Bitustøyl nemner at ein alt i dag utfører til dømes intravenøs behandling på sjukeheimane i Vest-Telemark, medan i byane blir ein ofte lagt inn på sjukehus i slike tilfelle.

– I Vinje legg legen inn somme pasientar på korttidsplassar på sjukeheimen, i staden for å sende dei på sjukehus, opplyser samhandlingskoordinatoren om ein fordel som alt blir praktisert.

Ei anna side av reforma er å få spesialistane ut i kommunane. Eit døme som alt er i gang, er ordninga med ambulerande audiograf i Vest-Telemark.

Byggje kompetanse

Jacobsen Bitustøyl er elles i gang med å lage eit samarbeidsprosjekt for å byggje opp kompetansen i kommunane. Eit utdanningsprogram er tenkt over to år, og ein vonar å kunne nytte videokonferanse.

– Me kan starte med nokre tilsette frå kvar kommune. Får me til dette programmet vil det truleg vere unikt i landssamheng, seier Jacobsen Bitustøyl.

Ein annan del av samhandlingsreforma er eit alt oppstarta fastlegeforum i Vest-Telemark. Vidare blir det krav til kommu-

nane at legekantor og sjukeheimane innfører elektroniske meldingar mellom helsetenesta i kommunen og etter kvart også med sjukehuset. Tokke og Vinje er klare til å byrje med ei slik løysing.

– Eit lukka kommunikasjonssystem er rett og slett for at det ikkje skal skje avvik, til dømes med medisiner, og at den eine hjelparen med ein gong veit kva den andre gjer, fortel Jacobsen Bitustøyl.

Ein annan viktig del av den interessante arbeidsoppgåva ho har er å spreie diverse informasjon om samhandlingsreforma.

Fekk over millionen

For kort tid sidan gav Regjeringa 6,4 millionar kroner til samhandling i Telemark, og godt over millionen kjem Vest-Telemark tilgode.

Samarbeidsprosjektet «Jordmor der du bur» fekk 600.000 kroner. Planen er å byggje opp eigen jordmorberedskap i Vest-Telemark, utanom Nissedal.

– I dag er det ikkje god nok beredskap og samarbeid innan jordmortenesta i regionen. Eg skal lage ei sak til kommunane om korleis jordmorprosjektet i Sel-

jord er tenkt, seier samhandlingskoordinator Sissel Jacobsen Bitustøyl.

Vidare blei det løyvd 448.000 kroner for å vidareføre ordninga med ambulerande audiograf; gje hørselshjelp der brukarane er. I tillegg kom det 186.000 kroner til eit forprosjekt om samarbeidsmodellar for forsterka sjukeheimar i Vest-Telemark.

– Det er spennande at me fekk pengar til å sjå på sjukeheimsmodeill som til dømes kan gje samarbeid på tvers av kommunane, seier Jacobsen Bitustøyl.